



Naturvernforbundet

Miljøverndepartementet
v/Rovviltnemnda i region 6
v/ Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

16. august 2012

KLAGE PÅ VEDTAK OM FASTSETTING AV KVOTE FOR LISENSFELLING AV JERV I REGION 6 FOR LISENSPERIODEN 2012/2013

Rovviltnemnda sin ref. 2012/1

Naturvernforbundet klager med dette på vedtak i sak ”36/12: Fastsettelse av kvote for lisensfelling av jerv i region 6 for lisensfellingsperioden 2012/13”
Vedtaket som det blir klaga på:

Med hjemmel i Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold § 18, første ledd, bokstav b og § 77, jf. forskrift 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskriften) § 10, jf §§ 1, 3 og 7, fatter Rovviltnemnda i region 6 følgende vedtak om lisensfelling på jerv innenfor region 6 i 2012/2013:

- Kvoten settes til **totalt 36 jerver**.
- Det kan felles **inntil 11 tisper**.
- I tillegg settes en tilleggskvote på **9 dyr (kan være tisper)**.

Nærmere kvote- og områdeavgrensning følger av dette vedtak. Lisensfelling iverksettes for å forhindre framtidige skader på bufe. Lisensfellingsperioden er fra og med 10. september 2012 til og med 15. februar 2013. Fordeling mellom lisensjaktområdene for lisensjakt på jerv sesongen 2012/2013:

Området med mål om yngling i MR:

Her tillates en kvote på 1 jerv

Områder uten mål om yngling i MR:

Her tillates en kvote på 7 jerv

Område med mål om yngling i ST:

Her tillates en kvote på 3 jerv

Område uten mål om yngling i ST (bortsett fra Fosenhalvøya):

Her tillates en kvote på 7 jerv

Område med mål om yngling i NT (NT øst for E6):

Her tillates en kvote på 12 jerver.

Område uten mål om yngling i NT samt Fosenhalvøya i ST:

Her tillates en kvote på 6 jerver.

Med klaga ønskjer Naturvernforbundet å oppnå følgjande endring av vedtaket:

Lisensfellingssområder og fordeling av kvoten

Området med mål om yngling i MR:

Her tillatast ei kvote på 0 jerv

Områder utan mål om yngling i MR:

Her tillatast ei kvote på 0 jerv

Område med mål om yngling i ST:

Her tillatast ei kvote på 0 jerv

Område utan mål om yngling i ST (bortsett frå Fosenhalvøya):

Her tillatast ei kvote på 0 jerv

Område med mål om yngling i NT (NT aust for E6):

Her tillatast ei kvote på 9 jervar.

Område utan mål om yngling i NT og Fosenhalvøya i ST:

Her tillatast ei kvote på 6 jervar.

Den totale kvoten blir på 15 dyr. Det kan fellast inntil 7 tisper. I tillegg blir det sett ei tilleggskvote på 6 dyr (3 kan være tisper). Tilleggskvoten kan berre tildelast i Nord-Trøndelag.

Krav om utsett iverksetting av vedtak.

Naturvernforbundet har klaga på tilsvarende vedtak for eit år sidan, og vedtaket låg føre etter endt jervejakt våren 2012. Nemnda har tatt høgde for ei forsvarleg sakshandsaming ved å gjere vedtaket i saka i august, med formuleringa: *"Lisensfellingsperioden for jerv er fra 10. september til og med 15. februar. Dette betyr at et vedtak om eventuell lisenskvote bør fattes i august."* Naturvernforbundet ber difor om utsett iverksetnad for vedtaket med eit unnatak til klagen er handsama endeleg. Dette bør vere greitt sidan nemnda sjølv har sagt at det er tilstrekkeleg med vedtak i byrjinga av august. Unnataket gjeld Nord-Trøndelag der vi godtar gjennomføring av følgjande utan at klaga får oppsettande verknad:

Område med mål om yngling i NT (NT aust for E6):

Her tillatast ei kvote på 9 jervar.

Område utan mål om yngling i NT og Fosenhalvøya i ST:

Her tillatast ei kvote på 6 jervar.

Naturvernforbundet legg til grunn følgjande manglar ved vedtaket:

- A. Det er i for liten grad tatt omsyn til at jerven i region 6 fordeler seg på to forskjellige jervestammer. Den sørvestlege jervestammen er liten. Dette fører til at yngling og felling må vurderast heilskapeleg for denne stammen.
- B. I tillegg til at nml § 5 skal vurderast for jerven, så er det også nødvendig å bruke nml § 4 for å vurdere om økosystema i området kan klare seg utan dei store rovdyra, eller med det talet store rovdyr som forvaltninga legg opp til.
- C. Når yngletalet på fylkesnivå ikkje er nådd, må ein forvalte område også utanfor yngleområdet med tanke på at ein igjen skal nå måletalet for ynglingar i yngleområdet.
- D. Nemnda har presisert at klageretten når det gjeld bruken av tilleggskvoten gjeld frå vedtaket no, og ikkje når denne kvoten faktisk blir fordelt. Vedtaket som gjeld tilleggskvoten opnar t.d. for at det kan fellast inntil 10 dyr i yngleområdet i Møre og Romsdal i tillegg til 7 dyr utanfor yngleområdet i Møre og Romsdal. Det finst ikkje vurderingar etter naturmangfaldloven rundt eit slikt uttak frå den sørvestlege bestanden.

Eit heilskapeleg framlegg frå Naturvernforbundet.

I vårt brev av 31.7.2012 går vi gjennom situasjonen for jerven i Midt-Noreg på ein heilskapeleg måte. Det er veldig klart at den sørvestlege jervestammen no er svak, og at det er store problem knytt til denne jervestammen sin funksjon i dei sørnorske økosystema i åra som kjem. Vidare er det slik at det i den grad det er eit problem at det er høgare yngletal enn fastsett i forvaltningsplanen, så held overskotet til i Nord-Trøndelag, langt på veg som ei følgje av at det er tettare med jerv på svensk side enn norsk, og at dei svenske jervane då naturleg nok vil trekke inn i ledige revir som måtte oppstå på norsk side. Det er difor nødvendig at ein legg til rette for at jervestammen i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag minimum får kome opp til det nivået som det er målsetnad om, og at eventuell lisensjakt kjem i Nord-Trøndelag.

Tidlegare klagar og føringar frå Miljøverndepartementet:

Ein del av momenta i denne klagen har fellestrekk med det som blei handsama i Miljøverndepartementet si avgjersle (brev av 27.3.2012) av tilsvarande klage for eit år sidan. Vi siterer ”Stortinget har sagt at saueproduksjonen og andre produksjoner basert på utmarksbeite skal tilpasses rovviltforekomsten i prioriterte rovviltområder gjennom forebyggende tiltak og omstilling. Dette innebærer at rovvilt skal gis tydelig prioritet i slike områder.”

Vidare ”Departementet er enig med klager i at rovviltnemnda bør ha et tydeligere skille i forvaltningspraksis og tildeling av kvoter mellom prioriterte yngleområder for jerv og prioriterte beiteområder. Departementet er også enig med direktoratet i at også hunddyrkvote og tilleggskvote bør fordeles på en tydeligere måte for å bygge opp under en tydelig soneforvaltning.”

Nemnda har i alle fall i Møre og Romsdal sett bort frå det departementet seier om ein tydelegare skilnad mellom yngleområde og utanfor. Føringane knytt til tilleggskvoten er heller ikkje tatt omsyn til av nemnda.

Forvaltninga av den sørvestlege jervestammen/jerv utanfor yngleområdet

I vårt brev av 31.7.2012 som innspel før nemnda sitt vedtak blei gjort har vi gått nærare inn på ei rad moment til denne saka, og viser til dette. I tillegg vil vi seie følgjande:

Utover det som går fram av saksutgreiinga og innspelet frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag finn vi berre følgjande som kjem i tillegg når det gjeld vurderingar etter naturmangfaldloven når det gjeld den sørvestlege delen av jervestammen: ”Rovviltnemnda mener effekten av et uttak av lisensfellingskvoten på jerv vil medføre en reduksjon av bestanden, men at det ikke vil medføre at sannsynligheten for å oppnå bestandsmålet for jerv reduseres nevneverdig.”

Dette er uttalt i samband med at eit dyr er flytta frå fellingskvoten som gjeld utanom yngleområde i Møre og Romsdal til yngleområde i same fylket.

Når det gjeld naturmangfaldloven §5 så står det mellom anna: ”Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder.” Med manglande genflyt mellom delbestandene av jerv, er det eit spørsmål kor liten denne stammen kan vere før den ikkje er levedyktig på lengre sikt. Rundt dette spørsmålet må det følgjeleg vere vurderingar, og om vurderingane tilseier det

også bruk av føre var-prinsippet om ein ikkje har den kunnskapen som trengst. Ein skal også vere merksam på at den genetiske variasjonen skal kunne oppretthaldast.

Vurderinga av nml § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning har to klare manglar. Det blir berre diskutert ut i frå jerven (og i andre samanhengar sau), men eit økosystem inneheld mange fleire artar, og det ser ut til å vere ukjent for nemnda. Då er det uråd å gjere ei vurdering. Vidare ser nemnda på det totale tal jerv i Midt-Noreg, og ikkje på den sørvestnorske stammen som eit sjølvstendig moment. Dermed får ein berre ei vurdering som kan passe på Nord-Trøndelag, situasjonen i Møre og Romsdal (Sør-Noreg) og Sør-Trøndelag blir oversett. Når ynglesonen i Møre og Romsdal er så liten som han er, og ynglemålet så lågt som det er, er det viktig at ein gjer ei vesentleg breiare og grundigare vurdering enn det som er gjort.

Naturvernforbundet legg merke til at nemnda viser til brevet av 31.7.2012 frå oss. I brevet tipsa vi om at både hjortevilt, skog og villrein kan bli påverka av jervebestanden. Vi kan ikkje sjå nokon stad at nemnda har imøtegått det vi har lagt fram, men det verkar å vere oversett.

Naturvernforbundet har merka seg at rovviltnemnda ved fleire høve har vore påpasseleg med å tolke rovviltforliket slik at det er viktig å kome ned på fastsett ynglemål. Vi er i dette høvet i ein situasjon der ein ligg under ynglemålet på eit ganske vesentleg punkt, og iveren til å nå ynglemålet er tilsynelatande heilt vekke når ein ligg under ynglemålet. Dette liknar mest av alt på at rovviltnemnda ikkje har forstått sitt oppdrag, eller ikkje ønskjer å oppfylle det.

Ved klagehandsaminga bør ein få ein gjennomgang av kva verknad ein har av jakt umiddelbart på utsida av yngleområdet med omsyn til at ein skal ha yngling innafor yngleområdet i dei følgjande åra. Fleire av fellingane i Møre og Romsdal sist jaktperiode låg ganske tett opptil yngleområdet, og dei felte dyra kan ha hatt mykje av reviret sitt innafor yngleområdet.

Følgjande dyr bør særskilt vurderast:

13.12.2011	Nestestølen, Norddal, tisper
8.1.2012	Åmotsdalen, Oppdal, hann
4.2.2012	Øst for Ljøsåtind, Nasset, tisper
12.2.2012	Langedalen, Nasset, hann

Naturvernforbundet har elles merka seg at rovviltnemnda framleis ikkje nemner nml §4 i sine vurderingar. Dette gir ei mangelfull sakshandsaming på eit heilt grunnleggande punkt.

Det er i vedtaket vist til ”erfaringsbasert kunnskap fra saueneæringen, reindriften og Statens naturoppsyn” slik naturmangfaldloven legg opp til. I brevet av 31.7.2012 har også Naturvernforbundet kome med ei tilbakemelding av denne typen til nemnda, utan at vi ser noka vurdering av dette. Det er vår oppfatning at det blir ei ugrei sakshandsaming viss ein legg til grunn denne typen utsegner berre om ein likar dei.

For Møre og Romsdal har ein ikkje nådd ynglemålet, og om ein tel med yngling utanfor yngleområdet når ein heller ikkje opp i ynglemålet. Yngletalet for 2011 viste også ein liknande tendens. I ein slik situasjon er det umogleg å gi kvote i yngleområdet. For fortast råd å nå ynglemålet, kan ein heller ikkje ha kvote utanfor yngleområdet, og tilleggskvote kan heller ikkje nyttast i ein slik situasjon.

Når det er påvist ei yngling i Trollheimen tilseier det at det er 6 dyr i området. Når nemnda fastset kvote på 7 og i tillegg opnar for bruk av tilleggskvote på 9, er det ikkje lenger tale om ei målsetting om ynglefri Trollheimen, men jervefri Trollheimen. Dette også sett i lys av at jakta dei seinare åra i stor grad har fylt kvotene. Eit økosystem som Trollheimen er utenkeleg heilt utan jerv. Det skal i det minste førekome streifdyr av jerv i slike område.

Kvotene i Sør-Trøndelag

I brevet av 31.7.2012 foreslo Naturvernforbundet ei kvote på 2 i yngleområdet i Sør-Trøndelag. Ynglemålet i Sør-Trøndelag er ikkje nådd, viss ein ikkje godtek ynglinga på utsida av fastsett yngleområde. Når Naturvernforbundet i sitt innspel foreslo fellingsløyve for 2 dyr, var dette fordi vi ønskjer å vere i ein dialog og vere imøtekomande når det er ein aldri så liten grunn til det. Når vi no klagar, held vi på primærstandpunktet vårt, dvs. at det ikkje kan vere tale om kvote når ynglemålet ikkje er nådd.

Så lenge det ikkje finst ei einaste avgrensing av bruken av tilleggskvoten, er det ikkje mogleg å opne for bruk av tilleggskvoten i Sør-Trøndelag.

Kvotene i Nord-Trøndelag

Naturvernforbundet legg merke til at vi har fått gjennomslag på eit punkt i vårt innspel, og det gjeld forslaget vårt til å auke kvota i yngleområdet langs svenskegrensa i Nord-Trøndelag. Også i dette høvet er det tale om å legge opp til ein dialog og vere imøtekomande når det finst ein aldri så liten grunn til det. Vi opplever ikkje at nemnda svarar positivt på dialogen, men heller utnytter dette på det grovaste. Nemnda har uttrykt vilje til å gå svært langt for å dempe konflikhtar, men slikt som dette vil vi berre melde tilbake blir oppfatta som svært provoserande og alt anna enn konfliktdempande. Viss nemnda ikkje skjønar det på denne måten, kan det tyde på at vi må få fram denne konflikten på ein annan måte. Det tykkjer vi er svært leit, og neppe i samsvar med Stortinget sin intensjon i saka.

Elles tyder alt på at det med Naturvernforbundet sitt kvoteforslag i denne klagen kan fellast eit såpass stort tal dyr i yngleområdet i Nord-Trøndelag ved hjelp av tilleggskvota, at ein bør ta ei opptelling etter endt jakt for å sjå korleis dette verker, med tanke på bestandsutviklinga og seinare år.

Totalkvote og yngletal

Det er lagt til grunn at det har vore 14 ynglingar i 2012. Dette gir etter erfaringstal ein bestand på kring 90. Sjølv om ein er i ein situasjon der ein ligg over målsettinga for Nord-Trøndelag, er ei kvote/tilleggskvote på halve bestanden dramatisk. Endå verre blir det når ein veit at manglande fellingar er meint å skulle følgjast opp ved ekstraordinære tiltak for å nå denne målsetnaden. Det må og seiast at det har vore ei felling i hi som gjer at nemnda si kvote/tilleggskvote på 45 jerv utgjer meir enn halvparten av bestanden.

**Naturvernforbundet i
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i
Sør-Trøndelag**

Erik Brenna

**Naturvernforbundet i
Nord-Trøndelag**

Per Flatberg

Kopi:

Direktoratet for naturforvaltning
Naturvernforbundet